

# Den kristne påskeforteljinga




Foto: Nina Garman, Pixabay

Då Jesus blei vaksen, reiste han rundt saman med 12 disiplar/elevar og fortalde alle menneska dei møtte om Gud. Jesus var ein snill mann som hjelpte dei fattige og sjuke.

Han fekk mange vennar, men òg nokre uvennar. Det var nokre leiarar i landet som ikkje likte at folk hørde meir på Jesus enn på dei. Dei var redde for at Jesus skulle få for stor makt.

## **Palmesøndag**

Ein søndag før påske reiste Jesus og disiplane hans til Jerusalem for å feire påske.

Han bad to av disiplane om å finne eit esel til han. Jesus sette seg på eselet og reid inn til Jerusalem.

Der blei han helsa på som ein konge. Dei ropte: «Hosianna, hosianna, Kongen vår er komen!»

Dei vifta med palmegreiner så store som flagg. Hosianna tyder omtrent det same som hurra.

## **Skjærtorsdag – den kristne nattverden blir innført**

Denne kvelden åt Jesus og disiplane påskemåltidet saman. På den tida var det vanleg å vaske føtene før ein gjekk inn. Det var fordi dei gjekk berrføtte eller i sandalar, og då blei føtene

veldig skitne. Ved døra til huset vaska Jesus føtene til alle disiplane sine. Dette gjorde han for å vise at alle må hjelpe kvarandre.

Då dei sat og åt, sa Jesus: «No er det ikkje lenge til eg blir teken til fange og må døy.» Han fortalde også at han visste at ein av disiplane kom til å hjelpe soldatane med å fange han.

Judas, ein av disiplane til Jesus, hadde trudd at Jesus skulle bli ein rik og mektig konge. Då han såg at Jesus ikkje brydde seg om pengar og makt, blei han sint på Jesus.

Etter måltidet var det seint på kvelden. Jesus tok disiplane med seg til ein hage. Der bad Jesus ei bøn til Gud. Judas førte soldatane til hagen og viste dei kor Jesus var. For dette fekk han 30 sølvpenar. Jesus visste at Judas kom til å gjere dette, så han følgde frivillig med soldatane.



Foto: Falco, Pixabay

## Langfredag – forhøyr, dom, krossfesting og gravferd

Jesus skjøna at han skulle døy. Gud hadde planlagt dette for lenge sidan. Allereie då Jesus kom til jorda visste han at dette kom til å skje. Han blei fødd for å ta all straffa for alt det galne menneska hadde gjort og kjem til å gjere. No var tida komen, og soldatane førte Jesus til

leiarane sine. Dei trudde ikkje at Jesus var Guds son. Dei sa: «Han må døy fordi han kallar seg sjølv Guds son». Dei spikra Jesus til krossen på ein stad som blir kalla Golgata. Der døyde Jesus.

For om lag 2000 år sidan var dette ein vanleg måte å straffe lovbrytarar på. Det var ein trist dag for disiplane og alle vennane til Jesus. Dei visste ikkje at Gud hadde planlagt ei vedunderleg overrasking for dei. Dei kom ikkje til å vere triste særleg lenge.

## **Påskeaftan – gravstaden blir vakta strengt**

Etter at Jesus døyde, la vennane han i ei berghole. Denne berghola fekk dei av ein mann som heitte Josef.

Han ville at Guds son skulle få denne siste gåva av han. Dei rulla ein stor stein framfor opninga til hola. Leiaren sende to soldatar som skulle halde auge med gravstaden slik at ingen skulle kome og stele kroppen til Jesus.

## **Første påskedag**

Tidleg på søndagsmorgonen kom det eit jordskjelv. Ein engel kom ned frå himmelen og rulla vekk steinen som stod framfor holeopninga. Då vaktene såg engelen, skalv dei av skrekk og sprang av garde.

Litt seinare kom ein av Jesus sine vennar, Maria Magdalena. Då ho såg at steinen var borte, gjekk ho inn i hola. Inne i hola såg ho ein engel. Engelen sa: «Jesus er ikkje her, han lever! Gå og fortel alle vennane hans at dei vil få sjå han igjen!»

Maria var ikkje lei seg lenger. Jesus var ikkje død. Han var i live! Ho sprang tilbake for å fortelje dei fantastiske nyhenda.

## **Andre påskedag**

Først trudde ingen av disiplane til Jesus på det Maria Magdalena fortalde. Men ho hadde rett!

Andre påskedag kom Jesus tilbake for å møte dei. Han hadde verkeleg stått opp frå dei døde!

## **Kristi himmelfartsdag**

Etter førti dagar tok Jesus disiplane sine med til ein stad i nærleiken av eit stort fjell. Han løfta handa opp og velsigna dei. «Fortel alle menneske om meg», sa han. Så reiste han opp til himmelen att.

Denne dagen kallar vi Kristi himmelfartsdag. Ei sky dekte han slik at dei ikkje kunne sjå han lenger. Dei blei ståande og sjå opp mot himmelen ei lang stund.

Plutseleg stod to englar blant dei. «Kvifor står de framleis og ser opp mot skyene?» spurde dei. «Jesus har reist opp til himmelen. Ein dag vil han kome tilbake same vegen som han forlét dykk.»

Då gjekk disiplane attende til byen med glede i hjartet. Jesus hadde lært dei mange ting. Dei ville alltid hugse at han sa: «Ver ikkje uroleg eller redd. Stol på Gud og stol på meg. I Guds hus er det mange rom. Eg vil gjere klar ein plass for deg. Ein dag vil eg kome tilbake og ta deg med meg slik at også du kan få vere der eg er».